

Referat frå styremøte 14.09.2022

Tid: 19:00 – 22.00, på Teams.

Tilstades: Sivert Helland, Christina Bjerknes, Olav Magne Helland, Randulf Tverfjell, Svein Dalen, Joakim Pettersen, Tove Hundseth, Ole Henning Johansen, Reidar Strand, Turid Sættem Eggen

Ikkje tilstades: Geir Leslie Bjørkelund, Kristian Kallmyr Lerheim, Oddbjørn Jünge

Fra administrasjonen: Monica Malmedal

Sak 68/09.22 Godkjenne innkalling

Vedtak:

Innkalling godkjent.

Sak 69/09.22 Godkjenning av referat frå styremøte 22.08.22

Referat frå styremøte 22.08.22 leggast fram til godkjenning av styret

Vedtak:

Styret godkjenner referatet frå styremøtet 22.08.22, med merknad om at orienteringssaker var utsett til møte 14.09.22.

Sak 70/09.22 TV-samling 02. - 04.12.22 forts.

På styremøtet i august vedtok styret å arrangere Tillitsvalgsamling m/julebord 3. - 4. desember, og felles utvalgsamling 2. – 3. desember på Thon Hotel Kristiansund.

Det må lagast forslag til program/aktuelle tema for samlinga. Evaluering etter fjarårets TV-samling viste at lokallaga ønskar vidareføring av lokallaga sin time, der 3 lokallag presenterar si foreining, drift, suksess, utfordringar etc.

Styret må også vurdere om nokon fra sentralleddet eller eksterne foredragsholdarar skal delta på samlinga, kven og kva tema vedkomande skal halde innlegg/prate om.

Det må besluttast om det skal vere underholdning ifb. med julebordet om kvelden, f.eks musikk/dans.

Vedtak:

Felles utvalgssamling 2. til 3.desember og tillitsvaldsamling 3.- 4.desember blir lagt til Quality Hotel Grand Kristiansund.

Det bli arbeidd vidare med desse forslaga til progam:

- Informasjon om klorbehandling av Drivavassdraget (ansvar: Randulf)
- Vedtekter og oppfølging av landsmøtevedtak, avklare om vi kan få besök av NJFF sentralt for å orientere, t.d (ansvar: Monica)
- Medlemskontingent og økonomi i NJFF, avklare med NJFF sentralt om dei har nokon som kan komme og informere (ansvar: Sivert)
- Foredrag om jakt v/Joakim Pettersen (avtala i møtet)
- Lokallaga sin time: Kristiansund og Nordmøre JFF, Molde JFF og Skodje JFF blir bedne om å presentere forening og drift. Kva dei får til (t.d fokus på rekruttering og å ta vare på ildsjelene), kva for utfordringar dei opplever og kva dei tenkjer at dei treng hjelp og støtte til frå regionlaget. Sykkylven JFF og Halsa JFF kan òg være aktuelle lokallag å spørre om å stille opp om nokon av dei som er nemt først, ikkje ønskjer å stille (ansvar: Monica)
- Orientering om oterprosjekt i Sykkylven (ansvar: Svein)
- Forslaget om besök av Linda Heitmann, NJFF Finnmark, blir arbeidd vidare med. Det er fleire aktuelle samlingar i MRJFF framover der det kan vere aktuelt å invitere Linda (ansvar: Sivert).

Dei som har ansvar for oppfølging av forslaga, må klarere med foredragshaldarar/tilreisande om desse skal ha honorar. Avklaringar blir meldt til kontoret.

Styreleiar og regionsekretær utarbeider forslag til program som blir gjennomgått på styremøte 27.09.22.

Sak 71/09.22 Kartlegging av områder eigna for aktivitetar og opplæring

Under den felles utvals-/instruktør-/regionslag samlinga i Surnadal 17.-18 Juni vart det lagt fram eit ønske om å opprette ei liste over områder som er eigna for aktivitetar og opplæringsverksemnd. Dette vart bestemt at utvala kunne utarbeide ei

liste over kvar dei brukar å ha sine arrangement slik at vi har ei oversikt på tvers av utvala når vi har behov for idear rundt aktivitetar og arrangement.

Vedtak:

Utarbeiding av liste over aktuelle område for aktivitetar og opplæring blir tatt opp og behandla på utvalgsamling 2.desember.

Sak 72/09.22 Regionsekretær sin myndighet

Regionsekretären ønsker å vite hvilke handlingsrom og myndighet denne har til selv å bestemme hvilke møter, kurs, konferanser osv. man skal delta på uten å måtte avklare med regionleder eller styret i forkant. Som daglig leder for regionlaget, er det naturlig at Regionsekretær selv kan bestemme hvorvidt han/hun skal delta på ulike arrangement, avhengig av drift, tid disponibel, viktighet osv., siden

Regionsekretären sitter med best oversikt over den daglige driften, og derigjennom behovet for egenutvikling, kompetanseheving, samt aktuelle saker man bør følge med på/være en del av/engasjere seg i.

Vedtak:

Styret har tillit til at regionsekretær sjølv avgjer kva kurs, møte, konferansar og andre kompetansehevande tiltak som er nødvendig å delta på for å kunne ivareta oppgåvene i stillingsinstruks for regionsekretærer i RL.

Om kostnaden ved eit tiltak krev eit større beløp, skal dette avklarast med styreleiar. Styreleiar skal jamnleg orienterast om gjennomførte tiltak.

Styret får orientering i styremøta om aktuell ny og utvida kompetanse som regionsekretær tileignar seg.

Sak 73/09.22 Arbeidsinstruksar for styret og utvala


Arbeidsinstruksane for utvala vart reviderte under samlinga i Surnadal 17.-18. Juni. Desse ligg vedlagt i innkallinga. Utvala må no gå igjennom desse ein endeleg gong for å sjekke at desse samsvarar med arbeidsoppgåvene deira og at der ikkje er noko overflødig eller at det manglar noko essensielt. Det er forventa at utvala har dette klart til møtet.

Vedtak:

Styret godkjenner arbeidsinstruksane for styret og utvalga.

Sak 74/09.22 Lyssetting av Skaret

I forkant av møtet 08.06.22 var HTL Elektro innom for å ta ein kik på kva som kunne utbetraast av belysning og lage eit pristilbod på dette. Pristilboden kom på 24.400,- eks mva som inkludera totalt sju armaturar med fire dimmarar og omlegging av lysbrytar ved inngangsdør. For -22 er det budsjettet med kr. 10.000-, på 6540 Inventar.



Det har no vore ferietider og vore lite kommunikasjon frå HTL Elektro. Vi har bedt om eit detaljert pristilbod då vi ikkje veit kva kostnaden for materiell og arbeidstimar er i dette pristilboden, og leiar har sjekka kva prisar han kan få på armaturane gjennom sin arbeidsgivar. Dei armaturane vi har fått pris på kan vi få til 1523+mva (1200x300mm – 3790lm), alternativt er dei som er hakket mindre til 667+mva (640x200mm – 1910lm). HTL Elektro er opne for at vi kan bestille materiell sjølv og då fakturere for arbeidstimar med 10% rabatt.

Behandling:

Ettersom budsjettet for i år ikkje er tilstrekkeleg for å dekke kostnaden ved lyssettinga vart det lagt fram forslag om å finansiere tiltaket no og avskrive den totale kostnaden over dei neste fem åra. Det kom forslag om at ein kan prøve å kutte kostnadane ved å søke økonomisk bidrag/støtte frå leverandørar (Glamox/SG Armaturen) samt dugnadsarbeid av fagkyndige for å få monteringen forskriftsmessig utført. Monica tek kontakt med leverandør og Randulf sjekkar med bekjente angåande monteringa.

Vedtak:

Arbeidet med lyssetting av lokala på Skaret blir sluttført. Monica og Randulf sjekkar med leverandør om mogleg dugnadsarbeid og gir snarleg tilbakemelding til Sivert. Dersom dette ikkje let seg gjere tek Sivert kontakt med HTL Elektro slik at tiltaket vert finansiert no og kostanden blir avskriven i budsjettet over dei neste fem åra.

Sak 75/09.22 Ønske om å fråtre styreverv

Styreleiar og regionsekretær orienterte om epost og kontakt som vore med sekretær og gjorde tilstrekkeleg greie for kvifor ønsket er fremma. Det er ikkje heilt klart om

det er eit ønske om permisjon styret skal ta stilling til og evt kor lenge det er ønske om ein pause.

Styret må vurdere kva som er hensiktsmessig måte å sjå dette på og behandle saka ut frå kva som ivaretok drifta best mogleg, men som også tek omsyn til sekretær sitt ønske og behov for avløysing for ein periode.

Vedtak:

Styret innstiller på at sekretær får permisjon frå verv fram til årsmøte i mars 2023.

Joakim Pettersen, 1.vara til styret, trer inn som sekretær frå 14.09.22. Han vart forespurt under møtet og sa ja til oppgåva.

Oddbjørn Jünge, 2.vara til styret, rykker opp til 1.vara og møter fast på styremøta frå og med 27.09.22.

Muntlege orienteringar:

- Håndtering av media
- Medlemstall

Referent Turid

